

## BARONIET ROSENDAL

Olje -og Energidepartementet  
postmottak@oed.dep.no

### Vindkraft i Kvinnherad, høyringsnotat frå Baroniet Rosendal

Baroniet Rosendal frå 1665 er med si unike historie, arkitektur, landskapspark og plassering mellom fjord, fjell, fonn og fossefall og med sitt rikhaldige kulturprogram ein av dei viktigaste kultur og reiselivsdestinasjonane i Norge med besøkande frå nær og fjern, innland og utland.

Baroniet er mellom anna kjent for den storslåtte landskapsparken med rosehagen og eit rikt og variert årlig kulturprogram med konsertar, borggårdsteater, foredrag og kunstutstillingar. Kjente artistar frå inn og utland bidrar til å skape dette unike kulturtilbodet, gjennom dei seinaste åra utvida med Rosendal Kammarmusikkfestival som m.a finn stad i den restaurerte Riddersalen på Avlsgarden med verdskjente klassiske utøvarar. Baroniet Rosendal er på mange måtar synonymt med tettstaden og kulturbygda Rosendal med sine vakre omgjevnader ved innløpet av Hardangerfjorden tett opp mot Folgefonna nasjonalpark.

Med Baroniet Rosendal som hovedattraksjon kjem mange tilreisande til Kvinnherad for å oppleve denne unike kombinasjonen av natur og kultur. Tilbodet av reiselivsopplevingar i området er i stadig utvikling, med bl.a. fokus på den rike båtbyggjartradisjonen i Rosendal, landskap og økosystemet knytt opp mot nasjonalparken presentert i Folgefonna Nasjonalparksenter og småskala økoturisme med organiserte aktivitetar basert på bruk av landskap og natur.

Første april i år presenterte Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) sitt framlegg til ein nasjonal ramme for vindkraft på land i Norge på oppdrag frå Olje og energidepartementet (OED). Store delar av Kvinnherad frå Blådalen - Fjellhaugenområdet tett opp mot Folgefonna Nasjonalpark via fjellet i Uskedalen, Husnes og Utåker til Halsnøy, Fjelberg og Borgundøy inngår i denne planen som moglege framtidige område for vindkraftanlegg.

I Kvinnherad er 85% av vassdraga bygd ut gjennom omfattande vasskraftutbygging dei siste 70 åra og mange småkraftverk i den seinare tid. 3% av landets grøne energi blir produsert i Kvinnherad. Dette set sitt preg på store delar av naturen med anleggsvegar, regulerte vatn og elvar, store damanlegg, høge mastar, tippar og fyllingar.


Utbygging av vindmølleanlegg vil øydeleggja desse enda vakre landskapa sin verdi som friluft og rekreasjonsområde med skadeverknader på natur, artsmangfald, dyr, fugl og insektsliv.


Inngrepa vil vera permanente og irreversible i form av opptil 250 m høge turbinar med støy opp mot 110 desibel, blinkande høgintensit lys og farlege iskast frå turbinane vinterstid. Landskapet vil bli omgjort til eit industriområde med store skjæringar, oppstillingsplassar og anleggsvegar (Kjelde Bergen og Hordaland Turlag). Reiseliv og turisme blir ei stadig viktigare næring i Kvinnherad med natur og kulturopplevingar som basis og vil bli sterkt skadelidande dersom desse planane vert realisert.

### Oppsummering - konklusjon

For Baroniet Rosendal vil vindkraftanlegg med høge blinkande turbinar og massive naturinngrep til dømes på Nonshaug – Solfjell, mellom Omvikdalen og Uskedalen, vera direkte synelege frå parken og anlegget rundt Baroniet og sterkt forringa den opplevinga og dei unike kvalitetane vi ønskjer å kunne tilby vårt publikum. På denne bakgrunn vil vi sterkt tilrå at Kvinnherad vert teke ut av Nasjonal Ramme for Vindkraft

For Baroniet Rosendal / Den weis-Rosenkroneske stiftelse

  
Anne Grethe Honerød  
Direktør

  
Reidar Nedrebo  
Leiar økonomi-og utvikling

BARONIET ROSENDAL  
DEN WEIS-ROSENKRONESKE STIFTELSE  
Pb 235 NO-5486 Rosendal  
NO977122775MVA  
[admin@baroniet.no](mailto:admin@baroniet.no) +4790873857  
[www.baroniet.no](http://www.baroniet.no)